

Fra: peder.sjo@knett.no
Sendt: 15.10.2014 13:24:17
Til: Matti Torgersen
Kopi:

Emne: Innspel til moglegheitsstudie om tilknyting fylkesvegsamband-E39.

Vedlegg:

Til Matti Torgersen

Det har gjennom mange år vore diskutert plassering av framtidig ferjeleie på Stord for å korte ned den lange ferjestrekninga til Kvinnherad. Eg har, til liks med kommunestyret i Kvinnherad, meint at eit nytt ferjestø på Kvednaneset på Stord vil vera den beste løysinga. Dette har fleire grunnar:

- Kvednaneset er ei varig løysing uavhengig av traséval (kryssing av Langenuen) for E39.
- Dette er kortast mogleg overfart og vil bidra til at ein berre treng ei ferje på sambandet mot to i dag.
- Kvednaneset knyter Kvinnherad både til Stord og resten av Sunnhordland i tillegg til Bergen på den mest effektive måten.

Det har likevel vist seg vanskeleg å få naudsynt vedtak i Stord kommunestyre for å få realisert nytt ferjeleie. Eg ser av bestillinga til dette moglegheitsstudiet at det vert bede om utgreiing av framtidig ferjeleie for Kvinnherad-ferja på Huglo eller Tysnes. Det vil gi eit godt samband mot E39, men det vil etter mitt syn svekke Sunnhordland som bu- og arbeidsmarknadsregion. Eg vil difor at ein i tillegg til å utgribe dette alternativet, får utgreidd følgande alternativ:

-Vidareføre Skjersholmane som ferjeleie på Stord-sida og bygge nytt ferjeleie på Bjoanes sør på Halsnøy.

Grunnjevinga for dette er at Bjoanes-Skjersholmane vil vera ei rett fjordkryssing, ein får korta ned køyretida frå ferjeleiet på Halsnøy og over til fastlands-Kvinnherad, samstundes som ein eliminerer trafikale problem på Halsnøy for framtida. Dette alternativet sikrar også ei rettare line mellom Husnes og Heiane, noko som kan styrkja Sunnhordland som felles bu- og arbeidsmarknad, samstundes som dette er eit effektivt samband frå Kvinnherad og sørover. Moglegvis kan ein ved nytt ferjeleie på Bjoanes også finne løysingar for Fjelbergsambandet.

Eg presiserer at eg kjem med innspel for å få dette vurdert på lik linje med andre alternativ.

Med helsing

Peder Sjo Slettebø

----- Original Message -----

Hei,

Innspel kan gjerne bli gitt til meg, som er fylkeskommunen sin kontaktperson i arbeidet.

Elles vil Kvinnherad kommune delta i prosjektet administrativt ved Tormod Fossheim. Det er og oppretta eit politisk kontaktutval for E39 Hordfast, der mulegheitsstudiet vil bli drøfta. Her deltek ordførar og Kvinnherad næringsservice.

Det vil bli avholdt eit folkemøte på Stord i løpet av vinteren, der Statens Vegvesen vil presentere statleg planen for E39 Os-Stord, og vi vil presentere arbeidet med mulegheitsstudiet. Dato er enno ikkje fastsett.

Venleg helsing

MATTI TORGERSEN
Sjefsplanleggjar
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

[1]

Tlf: 55 23 91 68 | Mob: 922 24 656
www.hordaland.no [2]

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Peder Sjo Slettebø [<mailto:peder.sjo@knett.no>]

Sendt: 15. oktober 2014 09:35

Til: Matti Torgersen

Emne: Spørsmål vedr. mulighetsstudie

Hei!

Viser til e-postkorrespondanse vedrørende mulighetsstudie for tilknyting av fylkesvegsamband til E39, og særleg sambandet Kvinnherad-Stord. Eg ynskjer å koma med innspel til dette arbeidet og lurer på korleis eg kan gjera det?

Beste helsing

Peder Sjo Slettebø

Fylkestingsrep. (H)

Sendt fra min iPhone

Links:

[1] <http://www.hordaland.no/>

[2] <http://www.hordaland.no/>